

**Fra:** Lars Mjøs (lars.mjøs@osteroyindustri.no)

**Sendt:** 17.03.2017 08:49:27

**Til:** Hans Inge Gloppen; Ove Sæbø; Vaksdal Næringssselskap AS

**Kopi:** Rune Heradstveit

**Emne:** Re: Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen

**Vedlegg:** Forvaltning av Etablerarfondet for Bergensregionen.docx

Hei

Eg er lei for at me ikkje klarte å stille opp i det førebuande arbeidet.

Her kjem nokre umiddelbare innspel frå mi side. Me har ikkje fått drøfta dette i Osterfjord Nærings samarbeid. Eg sender dette innspelet til dei 2 andre deltakarane, så få dei kome med eventuelle tilleggsinnspel direkte til dykk.

Eg støttar; Nordhordland IKS som ny forvaltar av «Etablererfondet for Bergensregionen»

Eg stiller meg litt undrande til formuleringa:

- Midlane skal tildelast som tilskot på inntil 50.000 kroner til etablerarar og ny næringsverksemd som fell utanfor Innovasjon Noreg sine ordningar

Dette kan lesast som at ein må ha fått avslag frå Innovasjon Norge for å dokumentere at ein fell utanfor.

Alternativt kan det lesast som **at etableringa ikkje har "et antatt betydelig verdiskapingspotensial og høye vekstambisjoner"**. (Sitat frå Innovasjon Norge sin heimeside).

Hadde det vore mogeleg å formulere dette på ein meir brukarvenleg og direkte måte slik at søkjaren veit om han er kvalifisert til å søkje, eventuelt kva som må dokumenterast for å grunngje at ein er kvalifisert til å søkje?

Her er nokre refleksjonar knytte til "administrativt fondsråd" for dei komunane som ikkje er med i Nordhordland IKS:

Kva inneber at "Dette rådet kan vurdera kvaliteten på søknadene,"?

Tyder det at dei skal vurdere kvar ein skild søknad? Det synest ikkje å vere ein god ide. Skal rådet då berre gje råd eller skal det avgjere? Og skal ein då handsame søknader frå Nordhordland og ikkje Nordhordland ulikt. Og kven avgjer kor mykje pengar som skal gå til etableringar i Norhordland og kor mykje til dei andre komunane.

Eg foreslår at det då heller står t.d.: Nordhordland IKS legg 2 gongar i året fram ein rapport om tildelingar frå fondet. Rådet drøftar denne og kjem med sine råd til fondsforvaltaren. Fondsforvaltaren kan elles kalle inn rådet om dei har bruk for råd.

Ein kan eventuelt spesifisere nokre tilhøve som rapporten bør omtale.

Kva meiner ein med "søknadsfristar" her?:

"Kommunane i regionen vurderer sjølv korleis dette samarbeidet skal organiserast, søknadsfristar....."

Tidlegare i dokumentet står:

Når det gjeld handsaminga av søknaden gjeld desse føresetnadane:

- Søknader vert handsama fortløpande.

Då kan det vel ikkje innførast "søknadsfrister"?

Eg trur det er lurt å ha med ei formulering som avgrensar kor mange som kan vere med i "rådet"; dette må bli eit organ det er lett å be om råd hjå.

Under: "**Marknadsføring av etablerarfonda**"

er det naturleg å nemne kom-an.no.

--

Venleg helsing

Lars Mjøs  
Osterfjord Næringssamarbeid  
v/Industrikonsulenten på Osterøy  
5282 Lonevåg  
56 19 22 70  
Mobil 416 28 531

Den 16.03.2017 13:59, skrev Hans Inge Gloppen:

Her kjem ei skisse til korleis fondet skal forvaltast basert på diskusjonen vi hadde på møtet 14. mars 2017.

Frist for tilbakemelding og kommentarar er måndag 20. mars før klokka 12:00

Venleg helsing

**Hans Inge Gloppen**  
Spesialrådgjevar  
Regionalavdelinga | Næringsseksjonen  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 97 41 40 40  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

x



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)